



Hordaland Fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/613 - 14/21647

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

23.09.2014

Høyring - invitasjon høyring og høyringsmøte - Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
062/14	Levekårsutvalet	PS	02.09.2014
079/14	Kommunestyret	PS	18.09.2014
072/14	Levekårsutvalet	PS	08.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	14/613

Hordaland fylkeskommune; Regional kulturplan 2015-2025 - HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune ynskjer å vera ein tydeleg samarbeidspart for å utvikle sterke og samfunnsorienterte lokalsamfunn. Gjennom Regional kulturplan 2015-2025 ønskjer man å satse på kultur, idrett og friluftsliv som ei viktig bjelke i samfunnsutviklinga.

Museum og kulturvern

Museums- og kulturvernfeltet er i Lindås og Nordhordland i hovudsak drevne av frivillig sektor. Dei frivillige er ein stor ressurs og legg ned mykje arbeid m.a. i kulturminnevern og innsamling, men mangelen på faste driftsstrukturar fører til dårlig kontinuitet og vanskar med å legge til rette for t.d. faste tilbod til skular eller reiseliv. Det er eit stort behov for magasin i regionen for å sikre innsamla materiell og bygningar for framtida. Dette bør omfatte at Fellestenestene ved MuHo vert tilgjengelege for kommunale og private samlingar i Nordhordland, og ein må arbeida for å realisere eit (eller fleire) felles regionale magasin. Ein vonar at det på sikt kan bli realisert eit museum i regionen som har fokus på Strilakulturen, som er ei viktig identitetsfaktor for lokalsamfunna.

Konsolideringsdialogen mellom Lindås kommune, Lindås sogelag og Museumssenteret i Salhus, må fortsette. Som eit resultat av dette arbeidet, kan spørsmål om framtidig etablering av en *regional ansvarsmuseum* i Nordhordland vere aktuelt.

Det er viktig at kompetansen på dette feltet, styrkes lokalt. Skal ein få til vesentleg utvikling og profesjonalisering, må Museumssenteret i Hordaland verta styrkt, slik at det kan ta eit større ansvar som regionmuseum for Nordhordland, i påvente av eige museum i Nordhordland. Dette må skje gjennom statlege tilskot i tillegg til medverknad frå fylket og kommunar.

Dette gjeld særleg innan felta sikring av samlingane gjennom felles magasinløysingar.

Kulturformidling og kunstproduksjon

Det er viktig at fylkeskommunen legg til rette for vidare utvikling av lokalsamfunna, gjennom ulike tilskotsordningar til regionale prosjekt/tiltak.

Den regionale kulturplan 2015-2025 tek også til orde for at finansieringsordningar for m.a. regionale kulturhus, må styrkast. Knarvik er regionsenteret for Nordhordland og er omtala i kommunen sin Kulturplan for 2010-2020.

Bibliotek/arkiv

Vestlandsanalysen stadfester tala til Engerutvalet: Utgifter til bibliotek har hatt ein mykje lågare vekst enn dei samla kulturutgiftene også i Hordaland. Ei av tilrådingane i Kulturutgreiing 2014 (Engerutvalet) går ut på *eit lokalt kulturløft*: Tilrådinga har ikkje blitt følgt opp nasjonalt, men ein plan som har visjon om å bli ein leiande europeisk kulturregion bør stimulere til ein spesiell innsats for å vedlikehalde den kulturelle grunnmuren. Lindås kommune gjer difor framlegg om at det vert innarbeidd eit nytt mål i den regionale kulturplan.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Lindås kommune vedtok Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i 2013 for perioden 2013-2023. Det er viktig med eit godt samspele mellom stat, fylke- og kommune for å realisere dei utfordringane vi ser i samband med anleggsutvikling.

Lokal kulturløft

Ei av tilrådingane i Kulturutgreiing 2014 (Engerutvalet) går ut på *eit lokalt kulturløft*: Lindås kommune etterlyser eit mål i planen som eksplisitt omhandlar det som vert omtala som forvitring av den kulturelle grunnmuren i Kulturutgreiinga 2014. Tilrådinga har ikkje blitt følgt opp nasjonalt, men ein plan som har visjon om å bli ein leiande europeisk kulturregion bør stimulere til ein spesiell innsats for å vedlikehalde den kulturelle grunnmuren. Lindås kommune gjer difor framlegg om at det vert innarbeidd eit nytt mål i den regionale kulturplan.

Levekårsutvalet - 072/14

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg:

Forslag til nytt tiltak i Handlingsprogram. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025:

5.5 Kulturminnevern og museum

16. Innsatsområde Museumsløft

Tiltak Arbeida for å utvida ansvarsområdet til Museumsenteret i Hordaland ved å oppretta ein ny, sentral formidlingsarena/møteplass (med magasin) for strilakulturen, konsolidert med det frivillige Strilamuseet.

Ansvar Museumsenteret i Hordaland

Partnarar Kommunane i Nordhordland, frivillige organisasjonar.

Samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 08.09.2014:

Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune ynskjer å vera ein tydeleg samarbeidspart for å utvikle

sterke og samfunnsorienterte lokalsamfunn. Gjennom Regional kulturplan 2015-2025 ønskjer man å satse på kultur, idrett og friluftsliv som ei viktig bjelke i samfunnsutviklinga.

Museum og kulturvern

Museums- og kulturvernfeltet er i Lindås og Nordhordland i hovudsak drevne av frivillig sektor. Dei frivillige er ein stor ressurs og legg ned mykje arbeid m.a. i kulturminnevern og innsamling, men mangelen på faste driftsstrukturar fører til därleg kontinuitet og vanskar med å legge til rette for t.d. faste tilbod til skular eller reiseliv. Det er eit stort behov for magasin i regionen for å sikre innsamla materiell og bygningar for framtida. Dette bør omfatte at Fellestenestene ved MuHo vert tilgjengelege for kommunale og private samlingar i Nordhordland, og ein må arbeida for å realisere eit (eller fleire) felles regionale magasin. Ein vonar at det på sikt kan bli realisert eit museum i regionen som har fokus på Strilakulturen, som er ei viktig identitetsfaktor for lokalsamfunna.

Konsolideringsdialogen mellom Lindås kommune, Lindås sogelag og Museumssenteret i Salhus, må fortsette. Som eit resultat av dette arbeidet, kan spørsmål om framtidig etablering av en *regional ansvarsmuseum* i Nordhordland vere aktuelt.

Det er viktig at kompetansen på dette felt, styrkes lokalt. Skal ein få til vesentleg utvikling og profesjonalisering, må Museumssenteret i Hordaland verta styrkt, slik at det kan ta eit større ansvar som regionmuseum for Nordhordland, i påvente av eige museum i Nordhordland. Dette må skje gjennom statlege tilskot i tillegg til medverknad frå fylket og kommunar.

Dette gjeld særleg innan felta sikring av samlingane gjennom felles magasinløysingar.

Kulturformidling og kunstproduksjon

Det er viktig at fylkeskommunen legg til rette for vidare utvikling av lokalsamfunna, gjennom ulike tilskotsordningar til regionale prosjekt/tiltak.

Den regionale kulturplan 2015-2025 tek også til orde for at finansieringsordninga for m.a. regionale kulturhus, må styrkast. Knarvik er regionsenteret for Nordhordland og er omtala i kommunen sin Kulturplan for 2010-2020.

Bibliotek/arkiv

Vestlandsanalyisen stadfester tala til Engerutvalet: Utgifter til bibliotek har hatt ein mykje lågare vekst enn dei samla kulturutgiftene også i Hordaland. Ei av tilrådingane i Kulturutgreiing 2014 (Engerutvalet) går ut på *eit lokalt kulturløft*: Tilrådinga har ikkje blitt følgjt opp nasjonalt, men ein plan som har visjon om å bli ein leiande europeisk kulturregion bør stimulere til ein spesiell innsats for å vedlikehalde den kulturelle grunnmuren. Lindås kommune gjer difor framlegg om at det vert innarbeidd eit nytt mål i den regionale kulturplan.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Lindås kommune vedtok Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i 2013 for perioden 2013-2023. Det er viktig med eit godt samspel mellom stat, fylke- og kommune for å realisere dei utfordringane vi ser i samband med anleggsutvikling.

Lokal kulturløft

Ei av tilrådingane i Kulturutgreiing 2014 (Engerutvalet) går ut på *eit lokalt kulturløft*: Lindås kommune etterlyser eit mål i planen som eksplisitt omhandlar det som vert omtala som forvitring av den kulturelle grunnmuren i Kulturutgreiinga 2014. Tilrådinga har ikkje blitt følgjt opp nasjonalt, men ein plan som har visjon om å bli ein leiande europeisk kulturregion bør stimulere til ein spesiell innsats for å vedlikehalde den kulturelle grunnmuren. Lindås kommune gjer difor framlegg om at det vert innarbeidd eit nytt mål i den regionale kulturplan.

Nytt tiltak i Handlingsprogram. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025:

5.5 Kulturminnevern og museum

16. Innsatsområde Museumsløft

Tiltak Arbeida for å utvida ansvarsområdet til Museumsenteret i Hordaland ved å oppretta ein ny, sentral formidlingsarena/møteplass (med magasin) for strilakulturen, konsolidert med det frivillige Strilamuseet.

Ansvar Museumsenteret i Hordaland

Partnarar Kommunane i Nordhordland, frivillige organisasjonar.

Kommunestyret - 079/14

KO - behandling:

Innstillinga frå levekårsutvalet vart samråystes vedteke.

KO - vedtak:

Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune ynskjer å vera ein tydeleg samarbeidspart for å utvikle sterke og samfunnsorienterte lokalsamfunn. Gjennom Regional kulturplan 2015-2025 ønskjer man å satse på kultur, idrett og friluftsliv som ei viktig bjelke i samfunnsutviklinga.

Museum og kulturvern

Museums- og kulturvernfeltet er i Lindås og Nordhordland i hovudsak drevne av frivillig sektor. Dei frivillige er ein stor ressurs og legg ned mykje arbeid m.a. i kulturminnevern og innsamling, men mangelen på faste driftsstrukturar fører til dårlig kontinuitet og vanskar med å legge til rette for t.d. faste tilbod til skular eller reiseliv. Det er eit stort behov for magasin i regionen for å sikre innsamla materiell og bygningar for framtida. Dette bør omfatte at Fellestenestene ved MuHo vert tilgjengelege for kommunale og private samlingar i Nordhordland, og ein må arbeida for å realisere eit (eller fleire) felles regionale magasin. Ein vonar at det på sikt kan bli realisert eit museum i regionen som har fokus på Strilakulturen, som er ei viktig identitetsfaktor for lokalsamfunna.

Konsolideringsdialogen mellom Lindås kommune, Lindås sogelag og Museumsenteret i Salhus, må fortsette. Som eit resultat av dette arbeidet, kan spørsmål om framtidig etablering av en *regional ansvarsmuseum* i Nordhordland vere aktuelt.

Det er viktig at kompetansen på dette felt, styrkes lokalt. Skal ein få til vesentleg utvikling og profesjonalisering, må Museumsenteret i Hordaland verta styrkt, slik at det kan ta eit større ansvar som regionmuseum for Nordhordland, i påvente av eige museum i Nordhordland. Dette må skje

gjennom statlege tilskot i tillegg til medverknad frå fylket og kommunar.

Dette gjeld særleg innan felta sikring av samlingane gjennom felles magasinløysingar.

Kulturformidling og kunstproduksjon

Det er viktig at fylkeskommunen legg til rette for vidare utvikling av lokalsamfunna, gjennom ulike tilskotsordningar til regionale prosjekt/tiltak.

Den regionale kulturplan 2015-2025 tek også til orde for at finansieringsordningar for m.a. regionale kulturhus, må styrkjast. Knarvik er regionsenteret for Nordhordland og er omtala i kommunen sin Kulturplan for 2010-2020.

Bibliotek/arkiv

Vestlandsanalysen stadfester tala til Engerutvalet: Utgifter til bibliotek har hatt ein mykje lågare vekst enn dei samla kulturutgiftene også i Hordaland. Ei av tilrådingane i Kulturutgreiing 2014 (Engerutvalet) går ut på *eit lokalt kulturløft*: Tilrådinga har ikkje blitt følgt opp nasjonalt, men ein plan som har visjon om å bli ein leiande europeisk kulturregion bør stimulere til ein spesiell innsats for å vedlikehalde den kulturelle grunnmuren. Lindås kommune gjer difor framlegg om at det vert innarbeidd eit nytt mål i den regionale kulturplan.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Lindås kommune vedtok Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i 2013 for perioden 2013-2023. Det er viktig med eit godt samspel mellom stat, fylke- og kommune for å realisere dei utfordringane vi ser i samband med anleggsutvikling.

Lokal kulturløft

Ei av tilrådingane i Kulturutgreiing 2014 (Engerutvalet) går ut på *eit lokalt kulturløft*: Lindås kommune etterlyser eit mål i planen som eksplisitt omhandlar det som vert omtala som forvitring av den kulturelle grunnmuren i Kulturutgreiinga 2014. Tilrådinga har ikkje blitt følgt opp nasjonalt, men ein plan som har visjon om å bli ein leiande europeisk kulturregion bør stimulere til ein spesiell innsats for å vedlikehalde den kulturelle grunnmuren. Lindås kommune gjer difor framlegg om at det vert innarbeidd eit nytt mål i den regionale kulturplan.

Nytt tiltak i Handlingsprogram. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025:

5.5 Kulturminnevern og museum

16. Innsatsområde Museumsløft

Tiltak Arbeida for å utvida ansvarsområdet til Museumsenteret i Hordaland ved å oppretta ein ny, sentral formidlingsarena/møteplass (med magasin) for strilakulturen, konsolidert med det frivillige Strilamuseet.

Ansvar Museumsenteret i Hordaland

Partnarar Kommunane i Nordhordland, frivillige organisasjonar.

Saksopplysningar:
Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune legg ut på høyring sitt forslag til Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Høyringsfrist er 26. september 2014.

Planen omfattar museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktiv og friluftsliv.

Planen i si heilskap kan lesast på:

http://www.hordaland.no/Global/kultur/dokument/dokument2014/190614_Regional%20kulturplan_V1_epost_ny.pdf

Lindås kommune har følgjande vedtekne planar for kultur/aktivitetseininga;

- Kulturplan 2010-2020
- Kulturminneplan 2011-2021
- Kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og nærmiljø 2013-2023

Framlegget til ny regional kulturplan er eit gjennomarbeidd og omfattande dokument som legg til rette for utvikling og fornying av kultursektoren i Hordaland. Det er gledeleg at kultur vert sett inn i eit samfunnsperspektiv der det vert lagt til grunn at kultur bør vere grunnleggjande premiss for alle sider ved samfunnsutviklinga.

Høyringsforslaget tek utgangspunkt i Engerutvalet som la fram *Kulturutgreiing 2014* i mars 2013.

Hovudbilete utvalet teikna av den statlege kulturpolitikken etter 2005 var at regjeringa hadde kome langt i å oppfylle mål som vart beskrivne i Kulturløftet I og II. Det økonomiske løftet hadde vore ei viktig investering i samfunnets kulturelle infrastruktur, som førte til ei opprusting av nasjonale og regionale kulturinstitusjonar. Utvalet meinte at merksemda må rettast mot meir kunstproduksjon, kvalitet og publikum.

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 heiter det at det skal vere god samhandling mellom forvaltningsnivåa, med vekt på dialog og felles ressursutnytting. Det lokale nivået må levere tenester direkte til det lokale kulturlivet, mens det regionale nivå må medverke til å skape nettverk, etablere møtestader og gje tilbod om kompetanseutveksling av røynsle og stimulering av tiltak av regional

karakter.

Vurdering

Museum og kulturvern

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 heiter det «...*arbeide for fellesløysningar innan område med stordriftsfordelar. Regionale fellesløysingar vil såleis vere eit prioritert område i den nye museumspolitikken.*»

Dokumentasjon gjev innbyggjarane grunnlag for å forstå og ta stilling til konsekvensane av endringsprosessane, sikrar kunnskap om kulturminne og kulturlandskap for framtidige generasjoner, og kan gje auka interesse og eigarskap til kulturminne i lokalsamfunna.

Strilakulturen er ein viktig del av Nordhordland identiteten, og det er eit stort behov for magasin for å kunne ta vare på m.a. innsamla materiell og gjenstandar som representerer denne kulturen.

Lindås Sogelag har i over 30 år arbeidd for å ta vare på kultur-gjenstandar frå strilekulturen. Dei siste 10 åra har Sogelaget og drive aktiv formidling gjennom Strilamuseet på Seim og monteren i Knarvik senter. Etter at leigekontrakten vart sagt opp for magasin og utstillingslokale på Seim, har Sogelaget flytta sine lokaler til Festo skule samt eit «magasin» i Knarvik.

I ein høyringsuttale (datert 20.05.2014) frå Lindås sogelag, med kopi til Lindås kommune, tek dei til orde for for å samle funksjonane *magasin, utstillingslokale og infosenter for Håkon den Gode* på kommunen si tusenårsstad på Seim.

I Lindås kommune si Kulturminneplan 2011-2021, heiter det;

«*Håkonshaugen på Seim: Vidareutvikle haugen som formidlingsarena, samarbeid med stiftinga for haugen.*»

Stiftinga Håkonshaugen er no vedteken oppløyst. Lindås sogelag ønskjer då å vere ei ny samarbeidspartner i arbeidet kring Håkonshaugen.

Lindås kommune er, saman med Lindås sogelag, i dialog med Museumssenteret i Salhus om konsolidering. Lindås Sogelag ønskjer at konsolideringsforhandlingane munnar ut i eit forslag om felles museum for Strilakulturen i Nordhordland.

Kulturformidling og kunstproduksjon

Hordaland fylkeskommune administrerer den statlege tilskotsordninga «Den kulturelle skulesekken». Det er viktig at denne ordninga vert styrka.

Det er viktig at det vert lagt til rette for ei regional utvikling av kulturtildelning i Nordhordland gjennom m.a. gode fylkeskommunale tilskotsordningar.

Regjeringa har lagt fram forslag om ny kommunestruktur. Hordaland fylkeskommune tek til orde for «...*systematisk og målretta styrking av kulturinstitusjonar i høve drift, investering og infrastruktur...*» I Lindås kommune si Kulturplan for 2010-2020 heiter det at det skal «...*planleggje og realisere eit kulturhus sentralt plassert i Knarvik, i tett dialog med lag/organisasjonar...*»

Kultur- og næring er eit felt i vekst. I heile regionen ser vi små-skala produsentar som produserer matprodukt til sals, ofte som attåt næring t.d. jordbruksseigedom. Ein ser også ei oppbloming av

kunsthandverk med små verkstader rundt omkring i regionen.

Bibliotek / arkiv

Rolla til folkebiblioteka vert omtale fleire stadar i planen, og særskild i kapittel 5.8, der følgjande mål er sett opp:

Pkt 1. Innbyggjarane i Hordaland skal møte moderne og attraktive bibliotek i kvart regionssenter, kommunesenter (bydelssenter i Bergen), lokalsenter og nærsenter

Pkt 2. Folkebiblioteka skal vere arenaer for kulturopplevingar, offentleg samtale og debatt for alle

Pkt 3. Tal på arrangement og besøk i biblioteka skal aukast

Pkt 4. Barn og unge skal ha tilgang til gode skulebibliotek

Pkt 5. Barn og unge skal ha tilgang til bibliotek, som ein stad for læring, oppleving og fantasi

Pkt 6. Biblioteka i Hordaland skal gje innbyggjarane lik tilgang til aktuelle og relevante digitale ressursar, utstyr og hjelp til å nytte dei

Pkt 7. Biblioteka skal utvikle nye tilbod i dialog med brukarane

Biblioteka skal fremje lesedugleik

Pkt 8. Biblioteka skal drive aktiv formidling og tilby samlingar med kvalitet, aktualitet og breidde

Pkt 9. Styrking og utvikling av forpliktande biblioteksamarbeid skal gje innbyggjarane i Hordaland eit betre bibliotektilbod

Pkt 10. Bibliotekpersonale skal ha den kompetansen som er naudsynt for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggjarane.

Samla sett gjev måla eit godt bilet av dei mangfoldige oppgåvene til biblioteka i fylket vårt og planen vil bli eit nyttig arbeidsreiskap for å vidareutvikle tenestene.

Vi etterlyser eit mål i planen som eksplisitt omhandlar det som vert omtala som forvitring av den kulturelle grunnmuren i Kulturutgreiinga 2014. Vestlandsanalysen stadfester tala til Enger-utvalet: Utgifter til bibliotek har hatt ein mykje lågare vekst enn dei samla kulturutgiftene også i Hordaland. Ei av tilrådingane i Kulturutgreiing 2014 (Engerutvalet) går ut på *eit lokalt kulturløft*:

«Utvalget er særlig opptatt av at den kulturelle grunnmuren må styrkes og foreslår et lokalt kulturløft. Utvalget mener det vil være behov for å vurdere øremarking av statlige midler til et lokalt kulturløft i kommunene i en tidsavgrenset periode.»

Tilrådinga har ikkje blitt følgt opp nasjonalt, men ein plan som har visjon om å bli ein leiande europeisk kulturregion bør stimulere til ein spesiell innsats for å vedlikehalde den kulturelle grunnmuren. Lindås kommune gjer derfor framlegg om at det vert innarbeidd eit nytt mål i den regionale kulturplanen:

«Dugnad for opprusting av den kommunale grunnmuren.»

Fylkesbiblioteket tek initiativet til å utvikle ein forpliktande utviklingsplan for å ruste opp dei delane av den kulturelle grunnmuren som har mista terrenget dei siste åra, i samarbeid med kommunane i Hordaland.

Bibliotek er blant dei mest nytta kulturtildoda i fylket og spørjeundersøkinga blant innbyggjarane om sentrumsfunksjoner som vart gjennomført i samband med utarbeiding av Regional plan for attraktive senter i Hordaland, syner at bibliotek kjem høgt på lista over ønskje om tilgang til sosiale møteplasser og kulturtildob.

Lindås kommune vil vidare spesielt kommentere mål 1, 2 og 11:

Pkt 1. Gode sentre på region- kommune og bydelsnivå har behov for levande møteplasser og det er prisverdig at planen legg opp til å utvikle attraktive biblioteklokale i nærmiljøa. Lindås og Meland kommunar har gjennom prosjektet «Praksisfellesskap: To bibliotek – ein struktur» fått gleda av å bli vald ut som dei første modellbiblioteka i fylket. Vi er enno i oppstartfasen, men kan allereie slå fast at eit praktisk samarbeid med fylkesbiblioteket fører til å heve kvaliteten på prosjektet. Gode modellar som vert utvikla utifrå lokale behov, der fornying av biblioteklokale og meirope bibliotek vert sentrale ingrediensar, vert nyttig for nytenking og vidareutviklinga av biblioteka. Lindås filial vert nemnd i planen som eit eksempel på eit meirope bibliotek som er tilgjengeleg også når personalet ikkje er til stades, og etter eit år med drift i Lindåshallen kan vi stadfeste at dette er ei løysing som er blitt svært godt motteke av innbyggjarane. Både utlån og besøk har auka monaleg.

Pkt 2. Planen peikar på behovet for å kartlegge og evaluere bibliotekstrukturen og viser til at mange av dei minst mobile gruppene som barn og eldre har lang veg til biblioteket. Her vert eit samarbeid med skulebiblioteka og utvikling av mobil verksemder peika på som moglege tiltak. Lindås har ein av dei tre mobile einingane i fylket og ser dagleg betydinga av bokbussbesøka til barnehagar og skular. Det er viktig at det vert lagt til rette for innkjøp av nye bokbussar. Bokbussen er ein rullande bibliotekfilial og kommunane må kunne søkje om tilskot til ny buss på lik linje med tilskot til andre kulturbygg. Dette vert det opna opp for i Kulturmeldinga (St.meld. nr. 48 (2002-2003)): «*Tilskot til bibliotekbussar kan inngå i ordninga.*»

Det er no lovfesta at folkebiblioteka skal «være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt». Det er positivt at den regionale kulturplanen grip fatt i dette og at fylkesbiblioteket kan spele ei aktiv rolle i utviklinga av folkebiblioteka som litteraturhus.

Pkt 11. Hordaland fylkesbibliotek har vore ein aktiv bidragsytar til kompetanseutviklinga for biblioteka i regionen. Sjølv med ein eventuell kommunesamanslåing vil det faglege miljøet ved kvart bibliotek vere lite, om ein ser bort frå Bergen. Det kan ha mykje for seg å etablere praksisfellesskap på tvers av bibliotek og etablerte biblioteksamarbeid for kollegaer som deler eit særskilt praksisområde.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Fokus på fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vil i planperioden vere på samlokalisering av ulike anlegg for organisert og eigeorganisert aktivitet knytt til skular. Vidare vil eit stort etterslep i tildeling av statlege spelemidlar krev ein tydeleg politikk for prioritering av anleggsutvikling.

Planen tek til orde for at alle kommunar skal ha plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Lindås kommune vedtok i april 2013 Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2013-2023. Planen omtalar m.a. behov for anleggsutvikling og etablering av nye anlegg. Det er i dag eit stort etterslep på finansiering av slike anlegg, men opptil 5 års ventetid på å få utbetalt spelemidlar frå Hordland fylkeskommune. Det er viktig at fylkeskommunen arbeider for å redusere ventetida.

Kulturplanen foreslår også at det vert arbeid for at offentlege idrettsanlegg, finansierte av statlege spelemidlar, bør vere gratis for barn og ungdom, og ha fleksible opningstider.

Ein tek også til orde for å implementere ein modell «Aktiv skule i Hordaland» for 60 minuttar dagleg fysisk aktivitet i skule/SFO tida. Vidare ønskjer ein i planperioden å utvikle eit breitt og variert tilbod til barn og unge i Hordaland. Det er viktig at det vert lagt til rette for at lag/organisasjonar kan søkje fylkeskommunale midlar til å søkje midlar for å utvikle nye konsept lokalt.

Samarbeid i regionen

Kulturforum i Nordhordland hadde Regional kulturplan 2015-2025 til drøfting i samband med fellesmøte 15.08.14. Kulturforum i Nordhordland består av leiarane i kulturadministrasjonane i Nordhordlands kommunane. Der vart det lagt vekt på at Hordaland fylkeskommune må leggje vekt på

1. magasin i Nordhordland
2. kulturarena i Nordhordland.
3. regional støtte til aktivitet/prosjekt i Nordhordland gjennom ulike tilskottssordningar